LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Bergen og Omland Havnevesen
Postboks 6040
5892 BERGEN

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Knut Bjørnevoll | 14.01.2019 |
| Vår: 18/3694 - 19/1211 | KBJ@lindas.kommune.no | |

# Oversender søknad om dispensasjon for etablering av lagerbygg med klubblokale - gbnr 123/59 Risa

| | |
| --- | --- |
| Tiltak: | Lagerbygg, klubblokale |
| Byggjestad: | Gbnr: 123/59 |
| Tiltakshavar: | Lindås Båtforening |
| Ansvarleg søkjar: | Knut Willie Jacobsen |

**Saka gjeld**
søknad om oppføring av lagerbygg med klubblokale for Lindås Båtforening sitt småbåtanlegg på Risa.

**Planstatus**
Tiltaket ligg innafor reguleringsplanen *Bustadområde på Rissundet, gbnr 123/65, 66, 67, 68, 69 mfl* med planid. Plan-ID: 1263-28091977. Arealføremålet er *friområde* og føresegnene seier:

> **§ 4 FRIOMRÅDE**
> **§ 4.1** Friområde skal opparbeidas etter ein samla plan som skal godkjennast av bygningsrådet. Planen skal syna båthamn, badeplass og eventuell opplagsplass for båtar.
>
> **§ 4.2** I friområde kan det plasserast tekniske anlegg som slamavskiljar og høgdebasseng.

Etablering av småbåthamna til *Lindås Båtforening* i Rissundet vart gjort på 80-talet og er i samsvar med reguleringsplanen *REGULERINGSPLAN FOR RISSUNDET* (1977). Etter avtale mellom Lindås kommune, *Lindås Båtforening* og *Rissundet vel*, disponerer *Lindås Båtforening* inste delen av strandlinja på friområde 6 og *Rissundet vel* disponerer resten av arealet.

I tillegg til dispensasjon frå byggegrensa mot sjø, må det også søkast om dispensasjon frå byggegrensa mot kommunevegen. Plan for utbygging av småbåthamna, godkjent av bygningsrådet 25.06.1986 (planen ligg under andre vedlegg i denne saka) viser ingen bygning. Søknad om disp frå arealføremålet i reguleringsplanen og i KDP i sjø er også nødvendig . Dette er fordi kartet viser at bygget ligg delvis på areal som skal fyllast ut i sjøen.

**Oversikt**




**Situasjonsplan/reguleringsplan**




**Skråfoto**



**Teikning**




**VURDERING**

**Høyring**
Vi etterspør supplerande dispensasjonssøknad frå søkar, men meiner at saka er godt nok opplyst til å sendast på høyring straks . Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta | Knut Bjørnevoll |
| avdelingsleiar | saksbehandlar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Søknad om løyve til tiltak i eit-trinn - gbnr 123/59 Risa
Opplysningar om tiltakets ytre rammer
Dispensasjon
Nabovarsel

**Vedlegg:**
Reguleringskart
Teikning
Andre vedlegg
Føresegner Rissundet
Plankart Rissundet

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Knut Willie Jacobsen | Lurevegen 304 | 5912 | SEIM |
| Lindås Båtforening | c/o Olav Magnus Steinsland Grønfjellet 3 | 5955 | LINDÅS |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Bergen og Omland Havnevesen | Postboks 6040 | 5892 | BERGEN |
| Fylkesmannen i Vestland Planavdelinga Vegavdelinga | Njøsavegen 2 | 6863 | LEIKANGER |